

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

III. INNSKRIFTER MED *fupork*

[810] N-37065. (Tidleagre omtala: Hagland 1990b: 11.)

Innskriфта står på ein flat gjenstand av tre, 97 mm lang, 15 mm brei og 3 mm tjukk. Gjenstanden slik han er bevart, er gjennombora av tre hol og avbroten i det eine av desse. Funnet vart gjort i 1976, felt FE lag 1089 som tilsvarar hovudfase 12, det vil seia i etterreformatoriske kulturlag. Det er runer på den eine flatsida. Runene synest å vera rissa etter at gjenstanden er gjort ferdig med dei hol som er nemnde. Avstanden mellom r. 4 og 5 er nemleg så mykje større enn mellom dei andre runene, at det må vera teke omsyn til holet som ligg mellom då innskriфта vart til. Innskriфта tek til i brotkanten. Ho er 47 mm lang og høgda på runene tilsvarar beidda på gjenstanden. Det er ein mogleg rest av **i** i brotkanten, men elles ingen tvil om lese måten på noko punkt i innskriфта, jamvel om staven i **a** er litt utydeleg. Bogane på r. 4, **b**, tangerer kvarandre, og nedre del av kvar boge er dregen så vidt over staven. Også venstre kvist på r. 6 er dregen over staven:

--:] † † 1 B Y † †
- -:] **a s t b m l y**

- - i]astbmly
-

Den bevarte delen av innskriфта har altså med dei sju siste runene i ein vanleg 16-teikns *fupork*. Det er ingen merkeformer for nærare runologisk datering. Det er vanskeleg å seia noko sikkert om kva funksjon gjenstanden med runeinnskriфта her har hatt. At han er bearbeidd og utstyrt med hol, tyder på at det er tale om ein bruksgjenstand av eitt eller anna slag. Det vil i så fall kunna setja denne innskriфта med *fupork* i same kategori som det vi finn på sakseskrinet i N808 ovanfor.